

PROTOKOLL

Representantskapet Region Nordhordland IKS

Møte: 2-2022
Tid: Fredag 9. desember 2022 kl. 13:30
Stad: Knarvik, Region Nordhordland Helsehus, kunnskapsenter, møterom Mongstad

Til stades:

Desse møtte frå Representantskapet: (100 %)	Sara Sekkingstad (Alver), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal) Per Lerøy (Austrheim) har gitt fullmakt til leiar.
Region Nordhordland IKS:	Håkon Matre (styreleiar), Rune Heradstveit (dagleg leiar)
Kommunedirektørar:	
Forfall:	Per Lerøy (Austrheim), Ørjan Raknes Forthun (Alver), Berit Rystad (Fedje), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Reidun Halland (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)

Sak 7/22	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 8/22	Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: Sara Sekkingstad og Lars Fjeldstad vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 9/22	Godkjenning møteprotokoll 1-2022 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2022 vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/22	Godkjenning budsjett 2022 for Region Nordhordland IKS Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2023. Styret godkjente budsjettet i styremøte 1. desember 2022. Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Region Nordhordland IKS (RNI) til årsbudsjett for 2023. RNI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. RNI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.

	<p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Region Nordhordland IKS (RNI) til årsbudsjett for 2023. RNI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. RNI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnadar for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>
<p>Sak 12/22</p>	<p>Orientering frå Region Nordhordland IKS Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort frå selskapet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p>

Knarvik, 9. desember 2022



Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Region Nordhordland IKS



Sara Sekkingstad
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland IKS



Las Fjeldstad
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland IKS